

## Sluttføringsrapport

Prosjekt Olahaugen – sikring og skjøtsel ID 90167

Stødle 35/10 Etne kommune

Olahaugen er eit viktig gravminne for forståelsen av kulturminna langs brotkanten på Stødleterrassen i Etne. Gravminnet har ein lang og brokete historie, men stod ved starten av prosjektet fram som eit mykje redusert og skadd kulturminne. Dette har fleire og viktige årsaker. Først og størst skade var på grunn av ei graving Bergen museum gjorde tidleg på 1950-talet. Denne var det ikkje heimel for og arbeidet stansa opp. Seinare omtala museet haugen som utgraven/fjerna. I samband med freding av Stødleterrassen vart haugen «attfunnen» og dokumentert i 2005. Ved opprydding på staden låg den slik museet drog i frå den i 1953. Området rundt gravminnet har vore eit omstridd område med omsyn til vern og bruk og gravminnet og området låg slik lenge brakk.



figur 1 Synfaring av staden i 2003 Arkeolog Arnulf Østerdal står i sentrale del av haugen.

Grunneigar tok i 2014 kontakt med Hordaland fylkeskommune for å gå gjort noko med området. Skjøtsel av området vil få fleire positive følgjer, ikkje berre for dei einskild kulturminna men for området som heilskap.

- Landskapet får ved ein skjøtsel ein fornuftig driftsform og kan delvis verta slåtteland for grasproduksjon, ved fornminna vert det eit stelt kulturminneområde.
- Stor gevinst for Etne kommune sin 1000 års stad ved Stødle kyrkje
- Stort potensiale for formidling av ei rekke fornminne, graver, bergkunst og mellomalderkyrkje

Målet for planen er at Olahaugen skal restaurerast slik at området kan skjøttast på ein god måte. Området skal framstå som velhalde og ryddig så kulturminne kan formidlast og opplevast som ein del av del samanhengande kulturlandskapet på Stødleterrassen.

Prosjektet fekk ei ramme på vel 80 000 kroner og gjennom tilskotsordninga BARK vart det løyvd 40 000 og 40 000 skal vera eigenfinansiering i regi av grunneigar og fylkeskommune. I samband med tiltaket er det gjort 2 synfaringar i 2014 på Olahaugen og to synfaringar i 2015 i samband med ferdigstilling av prosjektet.

### Kort om prosjektet

Situasjonen til gravminnet gjorde det naudsnt med ei sikring av kulturminnet på staden. Det var her snakk om ei ifylling av tiltak frå Bergen museum gjorde i 1953, aukande vegetasjonstrykk og fuktigare klima aktualiserte initiativet frå grunneigar i 2014 om å få stelt til området og sikra gravminnet. I 2014 vart det gjort ei ifylling med nye jordmassar, i samband med sikringa av haugen vart det vald å bruka jord slik at ein eventuelt seinare kunne skilja mellom ny og gammal aktivitet. Prosjektet var todelt. Frå grunneigar si side var det eit mål å få orden på teigen og gjera det fint. For kulturminnevernet si side var det i tillegg eit viktig mål å få sikra haugen i mot større skader dersom dei gamle profilane kollapsa og tre og buskar fekk grobotn.



figur 2 Olahaugen før opprydding og sikring av skade på kulturminnet i 2014



figur 3 Det er mykje vegetasjon på haugen og før prosjektet tok til i 2014 vart området rydda for overflatevegetasjon.



figur 4 Gravemaskin vart brukt til å fjerna røter til tre og buskar som var kappa ned på og rundt haugen.



figur 5 Ifylling av sjakt frå 1953 vart gjort med gravemaskin og nye jordmassar. Torv og tre har sidan 50 talet fått fritt spelerom inn i haugen etter at museet drog i frå undersøkinga av haugen.



figur 6 Det var viktig at prosjektet ikkje "laga" ein ny haug, men at det berre var dei fjerna felta frå 1953 som vart sikra. Fyllmassen vart difor lagt inntil og ikkje over eksisterande overflate.



figur 7 Haugen sett mot nordvest etter at tre og buskar er fjerna og sjakter og søkk er sikra mot vidare erosjon.



figur 8 Nordvestre del av haugen var delvis fjerna i 1953, den var ikke grave ned til undergrunnen og det stod slik ein profilbenk igjen mellom sjakt i sentrum av haugen og norvestre del av haugen. Her vart det og lagt opp masse i området som danna haugen sitt avtrykk i bakken. Dette støttet opp sentrale deler av haugen.



figur 9 Detalj av arbeidet med påfylling av jord i haugen.

### **Status 2014**

Haugen vart sikra med jordmassar og overflatevegetasjon som var vurdert som skadeleg var fjerna. Ut i frå at massane måtte setta seg, vart ferdigstillinga og endeleg tilsåing av området gjort i 2015. Området i ein større samanheng rundt haugen vart no rydda.



figur 10 Haugen sett mot aust etter at massane er lagt på plass.

### **Status 2015**

Området er i dag eit tilsådd og lett drifta område. Tre og buskar er halde i orden og står i dag som ei ramme rundt kulturminnet. Trusselen om utrasing er fjerna i og med at skadane er fylt i. Lokalt står kulturminnet fram som eit godt tilgjengeleg og vel skjøtta kulturminne.



figur 11 Hausten 2015 ser området slik ut, haugen er i dag godt synleg og står fram slik den såg ut kring 1950 - åra. Klyngetunet som ein gong stod tett ved haugen, er i dag borte og einaste minne i frå dette er då steinen for av- og påstiging til hest som stod i tunet. Denne er av praktiske grunnar sett opp her, men utanfor sikringssona til haugen.



figur 12 Olahaugen og området rundt er og Etne kommune sin 1000-års stad. Det er slik eit viktig prosjekt som no har runda ein viktig milepæl.

Jostein Aksdal

## Rekneskap til sluttrapport om restaurering av «Olahaugen», Etne kommune

---

Totalkostnaden for prosjektet var estimert til 80.000-90.000,-. Utarbeiding av skilt var del av dette. Skilting er ikke gjennomført som del av prosjektet, og totalkostnaden vart då kr. 80.000,-.

| Finansieringsplan        | Eigeninnsats HFK | BARK-midlar<br>(Tilskot frå 2014) | Totalkostnad |
|--------------------------|------------------|-----------------------------------|--------------|
| Skjøtsel og restaurering | 40.000,-         | 40.000,-                          | 80.000,-     |

| Aktør              | Timepris |
|--------------------|----------|
| HFK                | 700,-    |
| Grunneigar         | 250,-    |
| Arbeid med traktor | 450,-    |

|                                       | Eigeninnsats HFK | Eigeninnsats grunneigar | Utbetalte midlar | SUM            |
|---------------------------------------|------------------|-------------------------|------------------|----------------|
| Reise                                 | 6425,1,-         |                         |                  | 6425,1,-       |
| Administrasjon                        | 2800,-           |                         |                  | 2800,-         |
| Syfaring/møter                        | 15.750,-         |                         |                  | 15.750,-       |
| Skjøtselsplan                         | 10.500,-         |                         |                  | 10.500,-       |
| Rapportering                          | 3500,-           |                         |                  | 3500,-         |
| Skjøtsel                              |                  | 2250,-                  | 8000,-           | 10.250,-       |
| Gjødsel                               |                  | 862,50,-                |                  | 862,5,-        |
| Traktor                               |                  | 900,-                   | 13.950,-         | 14.850,-       |
| Entreprenør (massar til restaurering) |                  |                         | 18.050,-         | 18.050,-       |
| <b>SUM</b>                            | <b>42987,6</b>   |                         | <b>40.000,-</b>  | <b>82987,6</b> |

### Kommentar til rekneskapet:

I høve til finansieringsplanen har trøngen til oppfølging av HFK i 2015 vore mindre enn budsjettet. Til gjengjeld har arbeidsmengda for grunneigar vore noko større enn budsjettet. Grunneigar er difor oppført med eigeninnsats i rekneskapet.